

Foretaksnavn: Meland kommune

Navn: Alexander Helle

Adresse: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Telefon: 56171174

E-post: alexander.helle@meland.kommune.no

Mottaker: Miljødirektoratet

Saksnr.: 2016/5792

---

SLUTTRAPPORT

REFERANSENØ.: 18RF1291

---

## Klimavenleg mobilitet Frekhaug - Flatøy - Knarvik

### Kontaktperson

Navn: Alexander Helle

Rolle/stilling: arkitekt/planleggjar

E-post: alexander.helle@meland.kommune.no

Telefon: 56171174

### Prosjekttype

Prosjekttype: Klimavennlig areal- og transportplanlegging

### Hva er gjennomført?

**Gi en kort beskrivelse av hva som er gjennomført i prosjektet:**

-Hovudprosjektet har vore utarbeiding av ein overordna mobilitetsplan for utviklingsområdet Flatøy ("Mobilitetsplan, områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy", 3RW arkitekter, Opus, ABO plan og analyse, H. Hopen, Meland kommune)

I tillegg har me gjennomført desse prosjekta (med ulik ekstern og eigenfinansiering):

- Kartlegging og vurdering av sykkelveggar i kommunen (Multiconsult)
- Spørjeundersøking knytt til sykkelbruk (Multiconsult)
- Sykkelteljing (Meland og Lindås kommune)
- Pendlaranalyse del1 for Meland/Lindås/Radøy kommunar (Hordaland Fylkeskommune)
- Pendlaranalyse del2 for Meland/Lindås/Radøy kommunar (Hordaland Fylkeskommune)
- Vurdering av ny GS-veg Hagelsundet bru (Cowi)
- Mulighetsstudie "Nærbyen på Flatøy" (Lala Tøyen)

**Beskriv eventuelle avvik fra opprinnelig prosjektplan. Skjedde det noe, eller fikk dere kunnskap/erfaringer underveis, som gjorde at planer og tiltak måtte endres?**

Visar til tilsendt "delrapport 14.11.17"

Prosjektet vart meir omfattande enn me hadde planlagt. Det visa seg undervegs i arbeidet at mykje av kartleggingsarbeidet som var søkt om lot seg gjennomføre gjennom andre prosjektmidlar, i hovudsak stønad frå Byregionprogrammet og Hordaland Fylkeskommune. Eit stort antal analyser og rapportar er utarbeida i prosjektperioden. Meland kommune sit difor no på eit langt meir omfattande kunnskapsgrunnlag om mobilitet i kommunen/regionen enn det me hadde forutsett.

Gjennom mobilitetsarbeidet peika Hagelsundet bru seg ut som hovudflaskehals for klimavenleg mobilitet i analyseområdet. Meland kommune ynskjer difor å bruka resterande prosjektmidlar frå Klimasats å få vurdert ei utviding av Hagelsundet bru ved at nytt gang- og sykkelfelt vert bygd på sørsida av eksisterande bru. Hovudmålet med dette er å gje betre rammer for gåande og syklande langs E39 i vekstaksen Knarvik - Flatøy - Frekhaug. Arbeidet er eit samarbeid mellom Meland kommune, Lindås kommune og Statens vegvesen

### **Lenker til nettsider eller lignende med informasjon fra prosjektet:**

Døme på eit av fleire gjennomført prosjekt: kartlegging av sykkelveggar (samarbeid mellom kommunane Meland, Lindås, Os og Fjell, finansiert av Byregionprogrammet):

[http://multiconsult.maps.arcgis.com/apps/MapSeries/index.html?](http://multiconsult.maps.arcgis.com/apps/MapSeries/index.html?appid=abb9eabcd2bb4b628072004a7aae854b)

[appid=abb9eabcd2bb4b628072004a7aae854b](http://multiconsult.maps.arcgis.com/apps/MapSeries/index.html?appid=abb9eabcd2bb4b628072004a7aae854b)

## **Klimaeffekter**

### **Hvilke resultater har prosjektet ført til hittil?**

- Oppstart av plansamarbeid mellom Statens vegvesen, Lindås og Meland kommunar om reguleringsplan for ny gang og sykkelveg over Hagelsundet bru på E39
- Kompetanseheving i kommunens planarbeid. Prosjektet har endra kommunens fokus frå biltransport over til meir heilskapeleg mobilitetsplanlegging. Dette har hatt konkret overføringsverdi til pågåande arealplanlegging:
- Prinsipp frå 10minutters-byen lagt til grunn for områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy.
- Nytt mobilitetshierarki lagt til grunn for planlegging av Flatøy: 1) gange 2) sykkel 3) kollektiv 4) privatbil
- I planarbeidet utfordrar kommunen gjeldande normer for parkeringsdekning
- Utarbeiding av ein kvalitetsplan for områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy skal mellom anna sikra høg kvalitet ved opparbeiding av nye gang- og sykkelveggar
- Utarbeiding av reguleringsplan for samanhengande hovudsykkelveg med fortau langs E39 over Flatøy, frå Hagelsundet bru til Flatøy terminal (forventa vedtak vår 2019). Denne vil koplå kommunesentra Knarvik og Frekhaug, og vidare mot Bergen
- Regulering av ny lokalveg over Flatøy som mogeleggjjer nytt kollektivtilbod frå Knarvik sentrum, gjennom utviklingsområdet Flatøy, til Frekhaug sentrum, med koplåing til kollektivterminalar, innfartsparkering og snøggåat
- Omfattande kartlegging av pendling har gjeve kommunen unik kunnskap om innbyggjaranes arbeidsreiser. Tiltaksplan er under utarbeiding

### **Beregnet klimagassreduksjon i CO2-ekvivalenter:**

Det er ikkje gjort ei berekning av klimagassreduksjon i prosjektet

### **Hvilke resultater forventes i løpet av de neste tre årene?**

- Realisering av sykkelveg med fortau over Flatøy, frå Hagelsundet bru til Flatøy terminal
- Ny kollektivterminal med sykkel- og innfartsparkering på Flatøy (reguleringsplan er straks ferdig)
- Vedtak av reguleringsplan for nytt dekke for gåande og syklande over Hagelsund bru
- Inngåing av sykkelbyavtale mellom kommunen, fylkeskommunen og statens vegvesen

### **Beregnet klimagassreduksjon i CO2-ekvivalenter:**

Det er ikkje gjort ei berekning av klimagassreduksjon i prosjektet

### **Hvilke resultater forventes på lang sikt, for eksempel fram mot 2030?**

Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy har ein lang tidshorisont, og freistar knytte saman dagens to kommunesentra Knarvik og Frekhaug til eit samanhengande område for busetnad, næring og fritid. I planarbeidet vert det lagt opp til at ein skal kunne gå til daglege gjeremål, og at det skal vera svært godt tilrettelagt for sykkelbruk. Gode kollektivløysningar, buss og ekspressbåt, knyttar området til Bergen og resten av regionen.

### **Beregnet klimagassreduksjon i CO2-ekvivalenter:**

Det er ikkje gjort ei berekning av klimagassreduksjon i prosjektet

### **Beskriv forutsetningene for beregningene av klimagassreduksjon gitt over:**

Hovudforutsetninga er at området vert utvikla i tråd med føringane som er gitt i mobilitetsplanen.

### **Hvilke målinger og tellinger er gjennomført?**

- Pendleranalyse 2018 (Hordaland fylkeskommune på oppdrag frå kommunane Meland, Lindås og Radøy)
- Sykkeltelling (gjennom Byregionprogrammet)

## **Andre effekter**

### **Hvilke bieffekter har prosjektet ført til, og hvilke effekter forventes på lengre sikt?**

Arbeidet med mobilitetsplanen avdekkar eit stort og ukjent potensiale for sykkelbruk i regionen. Ein auke i sykkelandelen vil kunne gje stor helsegevinst. Kommunen har gjennom arbeidet fått til eit godt samarbeid med private eigendomsutviklarar, nabokommunen Lindås, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Å sjå mobilitet i regionen i ein heilskap har ført til meir heilskapeleg planlegging, og ein har gjennom arbeidet fått på plass samanhengande løysningar som vil spare store framtidige kostnader knytt til regulering. Prosjektet har avdekkar behov for å gjennomføra kostnadskreivande tiltak, og gjennomføring av desse er ei utfordring. Med ein liten administrasjon er det også utfordrande å følgje opp prosjekt på ein tilfredstillande måte. I 2020 går Meland inn i Alver kommune, prosjektet har gitt eit særst godt grunnlag for areal- og mobilitetsplanlegging i den framtidige storkommunen

## **Erfaringer til hjelp for andre kommuner**

### **Beskriv hvordan kommunen har jobbet med de ulike delene og fasene av prosjektet. Hvilke erfaringer har gjennomføringen av tiltaket gitt som er nyttige for andre som skal gjennomføre lignende tiltak?**

Kommunen har gjennom områderegulering i offentleg-privat samarbeid delteke i arbeidsmøter saman med private utviklarar og deira konsulentar. At kommunen har delteke aktivt i dette arbeidet har vore eit viktig suksesskriterie, da det har gjeve høve til å stake ut kursen undervegs.

Storleiken på planområdet, samt fleire ulike aktørar (i hovudsak Statens vegvesen og nabokommunen Lindås) har vore utfordrande. Det ville truleg vore ein fordel om Lindås kommune var deltakar og medeigar i prosjektet.

### **Omtrent hvor mange ukeverk har kommunen(e) og eventuelt andre brukt til å gjennomføre prosjektet?**

### **Andre kommentarer til tidsbruk?**

Kommunen har timeført 485 arbeidstimar til prosjektet, i tillegg har konsulentar truleg brukt omlag 600 timar. Tilskotet frå Klimasats samt Vest Land Eigendom AS sitt bidrag til arbeidet har vore avgjerande for at denne tidsbruken var moegeleg

#### **Hva kostet klimatiltaket?**

Meirkostnaden for mobilitetsarbeidet har vore på omlag 850 000kr (medrekna mva, sjå rekneskap). Sidan prosjektet vart gjort i samarbeid med private har ikkje kommunen bokført utgifter som gjev rett på momskompensasjon. Alle utgifter er difor rekneskapsført med mva.

#### **Hva slags kunnskap/informasjon skulle kommunen gjerne hatt mer av, eller hatt enklere tilgjengelig, for lettere å kunne gjennomføre prosjektet?**

Gode dømer på overordna mobilitetsplanar på tvers av kommunegrenser og offentlege sektorar ville kunne ha vore gode førebilete for vårt arbeid

## **Innspill til ordningen**

#### **Har du innspill til Klimasats-ordningen? Søknadsskjema, informasjon, rapporteringskrav eller dette rapporteringsskjemaet?**

Om ein kunne bla gjennom rapporteringsskjemaet utan å fyrst besvare det ville gjeve utfyllar mykje betre oversikt over kva som skal kvar!

Forøvrig har me fått veldig god bistand undervegs og til rapportering av prosjektet

#### **Hvordan kan Miljødirektoratet gjøre det lettere for kommuner å planlegge og gjennomføre klimagassreducerende tiltak og omstilling til lavutslippssamfunnet?**

Ordninga er viktig for å kunne finansiere prosjekt med lokalt initiativ. Prosjektfinansiering som Klimasats er avgjerande for at vår kommune kan planleggje og gjennomføre større tiltak for klimagassreduksjon.

## **Vedlegg**

- 📎 Rekneskap klimasats 2017.xlsx (Regnskap)
- 📎 fakt0001.pdf (Regnskap)
- 📎 Faktura\_sept\_2015.pdf (Regnskap)
- 📎 Faktura1450.pdf (Regnskap)
- 📎 Faktura1486.pdf (Regnskap)
- 📎 invoices.pdf (Regnskap)
- 📎 Kontoutsjift Helge Hopen 2015.pdf (Regnskap)
- 📎 Kontoutsjift Helge hopen 2016.pdf (Regnskap)
- 📎 Kontoutsjift Helge Hopen As.pdf (Regnskap)
- 📎 Kontoutskrift ABO.PDF (Regnskap)
- 📎 Stadfesting\_timelister\_Klimasats2016.pdf (Regnskap)
- 📎 Møte Meland Lindås SVV 17.08.17.pdf (Annet)
- 📎 2015-05-20\_Notat\_GS-veg\_Hagelsundet bru.pdf (Forprosjekt)
- 📎 Referat frå møte gang og sykkelvegløysninger over Hagelsund bru 17.08.17.pdf (Annet)

#### **Merknad:**

Hovudrapporten "Mobilitetsplan for Flatøy" vert grunna filstorleik sendt som eige ebrev til klimasats@miljodir.no (etter avtale med K. Stoltenberg)

Fila "Rekneskap klimjasats 2017" er samla rekneskap for prosjektet. Rekneskapet er sett saman av faktura frå NK Business Services AS, rekneskapsføraren til kommunens samarbeidspartner Vest Land eigendom AS. Utgiftene i rekneskapet er difor ikkje omfatta av moms-refusjon, og av same grunn er heller ikkje rekneskapet bekrefta av kommunens økonomikontor. Bilag er lagt ved

Viser også til vedlegg som var lagt ved "Delrapport 14.11.17"

**Er nødvendige vedlegg vedlagt rapporten? Ja**

[sign] **Alexander Helle** for Meland kommune

---

Levert 20.09.2018